



Røsland foran Vertshuset då han hadde overteke det for knappe to år sidan. No vil han orientera om planar for drift. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Styret og Dialogforumet i Uskedalen Utvikling førebur eit ope møte om Sommarbygda Uskedalen onsdag 14. mai klokka 20 på Vertshuset. Dette vert ei sammøte med eigaren Røsland, som vil orientera om planar for drift.

Alle aktørar, næringsdrivande og interesserte i høve til turisme vert oppmoda om å møta fram. Prosjektleiar Kristian Bringedal held fram at ein særleg vil ha fokus på kvalitetssikring og korleis Uskedalen som turistbygd kan stå fram med positive kvalitetar.

Arrangørane ynskjer tilbakemeldingar om at alt er på plass før den verkelege sommardrifta set inn.

Det blir drøfting og informasjon om desse sakene:

- Felles profilering på nettsida og i aktuelle publikasjonar.
- Lokal turistinformasjon på SPAR-butikken
- Guida turar til fjells, til Skorpo og opp Uskedalen.
- Fiske i Uskedalselva
- Renovasjon
- Attraksjonar og større arrangement
- Planar for drift av Vertshuset ved Røsland.

- Grupper, aktørar og andre som driv innan turisme vert særleg innkalla, men møtet er likevel ope for alle, seier Bringedal.

Han har von om eit stort frammøte og klare signalar om felles løft for Sommarbygda Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen